

Foreldreinfo august 2026

FAU/SU

Første møte blir i løpet av august.

Ragnhild Svella fortset som leiar og dette året.

Liste over kven som er kontaktar blir publisert når dette er avklart på 8.trinn etter tidleg foreldremøte. Me ser fram til nytt år med godt samarbeid med dykk heime!



Lesing

Å læra barn og ungdom å bli gode lesarar skjer ikkje berre på skulen. Mengdetreninga må dei og få på fritida. Sjekk lesesenteret sine tips til deg som føresett korleis du kan støtta barnet ditt i å bli ein god lesar. Trykk på biletet for lenke.



Skuleveg

Skule og heim må saman ta ansvar for elevar på skulevegen. De heime kan bidra med å øva på skuleveg med dei minste slik at dei kjenner seg trygge, sørga for at trygg sykkel, hjelm, refleks er på plass og stilla forventningar til framferd på skulebuss og skuleveg. Saman lagar vi trygge arenaer for alle elevar – takk for hjelpa!



Fleire elevar bruker el-sparkesykkel på fritid, og ungdomsskulelevar kan og bruke dette på skuleveg. Politi og statens vegvesen har laga ei side til dykk føresette som fortel korleis de kan vera med å ivareta tryggleik for dei som køyrer. Sjå [denne nettsida](#) for gode tips.



I år blir det eit innhaldsrikt år med både innsamlingsaksjon og 60-års jubileum for skulen på Vikeså. I tillegg skal me arbeida med lesing og inkluderande praksis, gjennomføra demokrativerkstad for 9. og 10.trinn, implementera ny oppvekstplan og få på plass gode rutinar for datasikkerheit og personvern for store og små i skulen. Me er glad for å vera i gang, det er alltid godt å få elevane på plass att. Ønsker eit godt skuleår for alle, og ber dykk ta kontakt med oss på skulen om de har spørsmål eller tilbakemeldingar om skulen generelt, eller om dykkar barn spesielt.

Mvh

Svanhild Gjødrem

rektor

